



LESE KROKEN

AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTER, RESSURSLÆRER
FOR NYSGJERRIGPER OG HOGSKOLEKTOR I
NORSK VED HOGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

Tekstband

Undervisningsopplegg til artikkelen «Kometkameratane landar snart» i Nysgjerrigper nr. 3-14

Tekstband er ord i ein tekst som heng saman logisk sett, på tvers av setningar. Det finst to typar tekstband. Det eine gjeld ulike ord som peiker tilbake på same ting. Eit døme kan vere *rektor – ho – Ellen – dama*. Det er typisk at vi nyttar synonym og pronomen for å få ein variasjon. Det er det vi ser nærare på her. Den andre typen tekstband handlar om ulike ord som heng saman gjennom assosiasjonar, som *skule – lærar – elev – tavle*.

I 2004 la romsonden Rosetta ut på ei lang reise. I år nådde Rosetta endeleg målet for ferda: ein komet med det lange og kronglete namnet 67P/Tsjurjumov-Gerasimenko.

TEKST: MAGNUS HOLM

Vel framme går no Rosetta i bane rundt kometen. Han skal òg senda ned robotlandingsfartøyet Philae. Dette blir første gong eit romfartøy landar på ein komet. Rosetta og Philae skal undersøkje kometen grundig. Philae skal blant anna bore i kometen for å finna ut kva han er laga av. Etter planen landar han no i november.

Eldst i solsystemet

Sjølv om dei to kometkameratane Rosetta og Philae er langt frå jorda, kan dei finna ut mykje nyttig om planeten vi bur på. Kometar er noko av det eldste som finst i solsystemet vårt. Og dei har forandra seg veldig lite sidan starten. Ved å finna ut meir om kometar kan forskarane læra meir om korleis solsystemet vårt vart til.

Og om korleis jorda vart slik ho er i dag. Forskarane trur nemleg at mykje av vatnet på jorda kan ha kome hit med kometar som kræslanda her for milliardar av år sidan. Utan kometane er det ikkje sikkert det hadde vore liv på jorda i det heile!



I teksten finn vi frasen *romsonden Rosetta* i ingressen, og i neste setning *Rosetta*, som og blir gjenteke i fyrste setninga i brødteksten. Neste setning byrjar med *han*, som syner tilbake på *romsonden Rosetta*. Desse orda er alle ulike måtar å omtale romsonden på, og dannar eit tekstband. Vi kan tenkje oss at vi bind alle desse orda saman i ei kjede, som til saman dannar bandet *Romsonden Rosetta: Romsonden Rosetta – Rosetta – Rosetta – Han – Rosetta – dei to kometkameratane Rosetta og Philae – dei (7 ledd)*. I teksten er bandet markert med grønt. Dette tekstbandet bind teksten saman på langs, og gjer han lettare å lese.

Å finne tekstband i tekstar gjer at vi lettare kan sjå kva som er sentralt, og korleis ulike ord kan fortelje om det same. Det er også nyttig når vi skal skrive sjølv, både for å få god samanheng, og som eit middel for å variere språkbruken. Gode tekstar har gjerne eit gjennomgåande tekstband, og fleire små som til dømes går gjennom eitt eller to avsnitt.

Syn for elevane korleis dei kan finne tekstbandet *romsonden Rosetta*. Utfordre dei vidare til å finne tekstbandet *komet (10 ledd)*. Det er markert med turkis i teksten. Finn dei også andre tekstband med minst tre ledd, eller ord som heng saman? Eit døme kan vere *robotlandingsfartøyet Philae*.



Om Nysgjerrigper og Lesekroken

Nysgjerrigper er Noregs forskingsråd sitt tilbod til alle elevar og lærarar på 1.–7. steg. Vitskapsmagasinet Nysgjerrigper, nettstaden nysgjerrigper.no, konkurransen Årets Nysgjerrigper og ulike lærartilbod er viktige delar av verksemda. Les meir på nysgjerrigper.no

Med Lesekroken gir Nysgjerrigper tips til korleis tekstane i bladet kan brukast til å auke lesekompetansen i alle fag hos elevane. Les meir på nysgjerrigper.no/leseokroken





Oppgåver til «Kometkameratane landar snart»

fartøy komet
 kameratane
 planet rommet

1. Kva for eit nyord?

Arbeid saman to og to.

a) Set saman to ord frå skya under og lag eit nytt ord. Forklar så kvarandre kva ordet kan tyde, det kan gjerne vere noko uvanleg. Lag to døme kvar.

Døme:
 komet + planet =
 kometplanet =
 ein komet der det finst liv

b) Les artikkelen. Fann de på ordet som står i overskrifta?

c) Kva tyder nyordet i artikkelen? Kva kunne det også ha tydd?

2. Tekstband

a) Jobb saman med andre og finn tekstbandet romsonden Rosetta. Kor mange ledd inneheld bandet?

b) Finn tekstbandet komet. Kor mange ledd har det?

c) Finn du andre tekstband med minst tre ledd?

3. Detektivlesing

a) Korleis får Rosetta energi?

b) Kvifor trur forskarane at kometane kan vere ein grunn til at det er liv på jorda?

c) Tenk deg at Rosetta blei forminska til 3,2 cm i vengespenn. Klipp ut romsonden i denne storleiken og marker i klasserommet, eller i gangen, kor stor kometen 67P hadde vore i same målestokk.

